

SMILL

DU HAR FÅTT HJERNESLAG!

HELSE • VEST

Eit hjerneslag gir deg ingen grunn til å smile. Lamming i fjeset er derimot eit av tre viktige kjenneteikn du bør lære deg.

KUNNSKAP SOM KAN REDDE LIV

Eit hjerneslag kjem som oftast utan forvarsel, og cellene i hjernen tek straks til å døy. For at konsekvensane av eit hjerneslag skal bli så små som mogleg, er det avgjerande at vi kjenner symptomta og ringjer 113 med ein gong.


Dei tre vanlegaste symptomta er lamming i fjeset, lammingar i arm eller fot eller språkforstyrringar. Alle desse symptomta oppstår akutt. Når du veit dette, har du kunnskap som kan redde liv, og som aukar sjansane for at hjerneslaget ikkje gir varige skadar.



FJES

Lamming i fjeset er eit vanleg symptom på hjerneslag. Dersom du sjølv eller den du trur har fått hjerneslag, plutsleg blir lamma i delar av fjeset og ikkje klarer å smile, må du ringje 113 med ein gong.


Testen er enkel: **be personen om å smile.**



ARM

Lamming i arm eller fot er eit anna vanleg symptom. Dersom du sjølv eller den du trur har fått hjerneslag, plutsleg blir lamma i eine armen og ikkje klarer å løfte begge armane over hovudet, må du ringje 113 med ein gong.

Testen er enkel: **be personen om å løfte begge armane over hovudet.**



SPRÅK

Språkforstyrringar er det tredje vanlege symptomet på hjerneslag. Dersom du sjølv eller den du trur har fått hjerneslag, plutsleg snakkar utydeleg eller har problem med å gjenta ei enkel setning, må du ringje 113 med ein gong.

Testen er enkel: **be personen om å gjenta ei enkel setning.**

HAR DU MISTANKE OM HJERNESLAG?

RING

113

KVART SEKUND TEL

Skadeomfanget kan reduserast dersom den som har fått hjerneslag, kjem raskt til sjukehus. På sjukehuset finst det effektive behandlingsmetodar. For mange kan blodproppopløysande medisin vere ein effektiv måte å opne blodtilførselen til hjerne-cellene på, slik at området i hjernen ikkje døyr. Jo fortare den ramma kjem til sjukehus, desto større er sjansen for at det ikkje blir varige skadar.

Å ringje medisinsk nødtelefon tidnok kan derfor vere forskjellen mellom liv og død.

REDD HJERNEN! **RING 113**

Hjerneslag kan ramme alle. Både menn og kvinner, gamle og unge.
Lær deg symptoma og ikkje nøl med å ringje 113. Det kan redde liv.

Lær meir om hjerneslag på helse-vest.no/hjerneslag